

04/09

Oppstart av prosess - endring av minsteareal for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune

Sakshandsamar: Turid Verdal og Ole Kristian Trondsen

Dokument:

1. Brev frå Øvrebygda Storvald. Ang. fastsetjing av areal for tildeling av hjorteløyve, datert 29.08.08

Bakgrunn:

Fylkesmannen fastsette samleforskrift om opning for jakt på hjortevilt og minsteareal for kommunane i Hordaland i 2001 (FOR-2001-06-13-648). Mynde til å fastsetja minsteareal har sidan den gong vorte overført til kommunane. Så langt ikkje kommunen har utarbeidd si eiga forskrift gjeld samleforskrifta frå 2001.

I viltneemd møte 12.06.08 PS 08/08 foreslo Lars Helge Landa å endra minstearealet i Fitjar kommune. Framlegget var å setje ned minstearealet til 750 da. Dette med bakgrunn i den aukande hjortestamma i Fitjar kommune.

Fitjar kommune mottok i september 2008 brev frå Øvrebygda Stordvald (interimstyret) med ønskje om å setja ned minstearealet til 750 da. Bakgrunnen er sterk vekst i hjortestamma, store beiteskader og andre vanskar for bønder.

Minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune er i dag 1000 dekar. I takt med aukande hjortestamme har det vorte gitt mange dispensasjonar opp gjennom åra, og meir tydeleg dei siste åra (2008: 15 av 18 vald, 2007: 14 av 19 vald, 2006: 14 av 19 vald og 2005: 15 av 19 vald). Dette har resultert i at mange av valda har fått redusert tildelingsgrunnlaget ned mot 500 da per dyr. Gjennomsnittleg var bakgrunnsarealet for tildeling i 2005 og 2006 636 da, 2007 625 da, og 2008 600 da. I 2008 hadde 11 av 18 vald bakgrunnsareal for tildeling mellom 600 og 500 da per dyr, og 3 vald over 1000 da per dyr.

For samanlikningsgrunnlag er minsteareal i nabokommunar til Fitjar kommune:
Tynes og Fusa: 600 da. Austevoll, Stord og Sveio: 1000 da. Bømlo: 1200 da.

Rundskrivet til *Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever* (hjorteviltforskrifta 2002) legg følgjande vurderingar til grunn for endring av minsteareal:

- Beitetilhøve og levekår
- Skadesituasjonen i landbruket, både på jord-, hage- og skogsbruk
- Vilt påkjørsler langs veg og jernbane, samt anna irregulær avgang siste tre år
- Bestanden sin tettleik/storleik og samansetning, hovudsakleg basert på jaktstatistikk, sett-hjort, vårteljing og andre tilgjengelege opplysningar om bestandsutvikling for vedkommande art i kommunen

Regelverket:

Hjortevilt forskrifta (2002):

§ 5. Fastsettelse av minsteareal og fellingskvoter.

Kommunen fastsetter minstearealet for elg, hjort og rådyr i en forskrift. Det kan fastsettes ulikt minsteareal for ulike deler av en kommune. Forslag om endring av minsteareal skal fremmes innen 1. april og fastsettes av kommunen innen 1. mai.

§ 6. Fravik fra minstearealet

Kommunen kan ved tildeling av fellingstillatelser fravike minstearealet for jakt på elg, hjort og rådyr med inntil 50%. Vedtak om fravik fra minstearealet er et enkeltvedtak og kan gjøres for særskilte vald og for et begrenset tidsrom. Vedtaket skal være begrunnet med ulikheter i viltartens levevilkår i

kommunen, bestandens størrelse og utvikling, den skade viltet volder eller andre ekstraordinære forhold.

Vurdering:

Det ligg føre søknad frå Øvrebygda hjortevald om å redusera minstearealet i Fitjar kommune. Fitjar kommune har høve til å setja ned minstearealet i kommunen. Med bakgrunn i at ein har dei siste åra hatt felles hjorteforvaltning i kommunane Fitjar og Stord og sett på hjortestamma på tvers av kommunegrensa, vurderar SFLMK det slik at minstearealet bør vera likt på Stordøya. Ein vil såleis starta opp prosessen likt i dei to kommunane.

Beitetilhøve og levekår

Det er ikkje gjennomført systematiske registreringar av bereevna og graden av nedbeiting av beiteplantane til hjorten i Fitjar kommune.

Det er ikkje registrert mange tilfelle med sjukdom og skadar på dyra i Fitjar kommune. Hausten 2008 var det eit tilfelle med ei kolle som var avmagra og infeksjonar i indre organ. Bortsett frå denne hendinga har ikkje kommunen fått innrapportert sjuke dyr dei siste åra.

Vekt gjenspeglar i stor grad kondisjonen til eit dyr, og slaktevektene er derfor særskild viktig indikator på kondisjon, men òg på forholdet mellom hjortestamma og beitegrunnet. I Fitjar kommune har det vore systematisk innrapportering av slaktevektar sidan 2004. Som tabellen under syner er resultatane varierande frå år til år og det kan førekomma feilrapporteringar som gir eit skeivt bilete. Vektene for nokre av klassane er nedadgåande, men nedgangen er ikkje kritisk i høve helsetilstanden til dyra.

Slaktevektar 2004-2008

År	Hannkalv	Hokalv	Spissbukk	Ungkolle	Bukk	Kolle
2004	22,7	25,3	49,3	41	79,8	55,6
2005	24,5	23,5	49,6	48,9	78,5	56,6
2006	26,1	23,3	47,1	43,3	75	53,9
2007	23,5	21,7	45,4	43,4	74,7	54,4
2008	25,1	23,6	43,1	38,9	75,5	55,3
Gj.snitt.	24,4	23,5	46,9	43,1	76,7	55,1

Skadesituasjonen i landbruket

Generelt så er det der innmarka har etablert seg i skogen, at beiteskadar har vore og er merkbar (nydyrking m.m.). I Fitjar er det særleg i områda Øvrebygda, Levåg, Vestre Osternes, Tislevoll og Hovstad at ein har registrert skadar på skog eller innmark.

Bestanden som heilskap påverkar omgjevnadene. For stor hjortebestand i høve til beitegrunnet kan føre til uheldige verknader på samfunnet, så vel for det lokale biologiske mangfaldet.

Hjorten gjer også skade på blomar, buskar og tre i private hagar, men SFLMK har ikkje oversikt over omfanget av dette.

Viltpåkørsler langs veg, samt anna irregulær avgang siste tre år

Årleg vert mellom 5 og 10 dyr påkøyrt på Stordøy (Forvaltningsplan for Hjort på Stord, 2005). Fordi hjorten alltid vil oppsøkja aktuelle område som er interessante i beitesamanheng, er det vanskeleg å gjere noko for å hindre at dyra kryssar vegar. Det viktigaste vil vera å sørgja for at dyra kryssar i område kor ein relativt lett vert sett av bilførarar og kor fare for kollisjonar vert minst.

I perioden 2005-2008 vart 11 hjort påkjørt i Fitjar kommune (7 avliva/dødt på staden), og 5 dyr døde pga. andre grunnar. Dei mest representerte områda der påkjørslane skjer er Levåg, Årskog og Rydland. I perspektiv vart det i 2008 påkjørt 26 hjort i Stord kommune (18 avliva eller dødt på staden), 14 hjort i 2007 (10 døde), 10 hjort i 2006 (8 døde) og 9 hjort i 2005 (7 døde). Det er ein enorm auke i tal påkjørte dyr i Stord kommune. Det er visse område som er meir *utsett* pga. fart og mykje trafikk, men ein kan også anta at auke i hjortestamma er ein årsak situasjonen.

Bestanden sin tettleik/storleik og samansetning

Hjortebestanden på Stordøya vart i 2005 estimert til mellom 685 dyr +- 40 dyr, der ein vinterbestand utgjer ca 535 dyr +-40 dyr (Forvaltningsplan for hjort på Stord 2005). Ut frå ein enkel formel kan ein estimere vinterbestanden av hjort i Fitjar kommune (usikre tal, men syner tendensen):

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Felte dyr	85	87	93	89	104	109
Estimert vinterbestand	425	435	465	445	520	545

Det kan sjå ut som hjortebestanden i Fitjar er aukande, med bakgrunn i aukande tildelte løyve og fellingsresultat, sett-hjort skjema, vårteljingane og anna innrapporteringar. I 2008 vart tildelte fellingsløyve nærmast nytta fullt ut, og områda med høgast hjortetettleik har søkt om maks fråvik dei siste åra. Fellingsprosenten har vore høg i mange år, og ut frå dette er det ikkje opning for å skyta særleg fleire dyr utan å redusera minstearealet.


Fellingsløyve og fellingsresultat 1998-2008.

År	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Fellingsløyve	91	94	102	101	103	108	106	116	116	118	122
Fellingsresultat	71	74	81	69	89	85	87	93	89	104	109
Fellingsprosent	78	79	79	68	86	79	82	80	77	88	89

Sett-hjort 2006-2008

År	Sett hjort per dagsverk	Sett kolle per bukk	Sett kalv per kolle	% bukk felt av sett bukk	% kalv sette kalv	% koller felt av sette koller	Antall skjema
2006	2,19	1,13	0,61	12,6	10,7	10,3	20
2007	2,05	1,50	0,64	14,4	7,7	7,4	15
2008	1,84	1,24	0,58	14,34	11,3	11,3	20
Gj.snitt	2,00	1,30	0,60	13,8	9,9	9,7	

Vårteljing 2005-2008



Ein del rapporterar inn om bestanden er aukande, minkande eller uendra saman med fellingsrapporten (sjå tabell under). Dessverre er det mange som ikkje kryssar av for deira sitt syn på bestanden i sitt vald, så talmaterialet er ikkje fullstendig.

År	Aukande	Uendra	Tal rapportar
2005	3 (33%)	6 (67%)	9
2006	2 (18%)	9 (81%)	11
2007	6 (60%)	4 (40%)	10
2008	3 (60%)	2 (40%)	5

Generell vurdering

I 2005 vart det utarbeida ein Forvaltningsplan for hjort på Stord, der det er gitt retningslinjer for forvaltninga av hjortestamma på Stordøya. I planen er det sett opp ein del målsetjingar med utgangspunkt i situasjonen i 2005, td.:

- Storleiken på bestanden skal vera tilnærma på nivået i dag
- Storleiken på hjortebestanden skal ikkje påverke det biologiske mangfaldet negativt.
- Omfanget av skadar på skog skal ikkje aukast i høve til nivået i dag.
- Omfanget av skadar på innmark skal ikkje aukast i høve til nivået i dag.
- Omfanget av kollisjonar mellom hjort og køyretøy i trafikken skal ikkje aukast i høve til nivået i dag.
- Tilbodet og tilgangen til beite- og leveområde til hjorten skal oppretthaldast på nivået i dag.

Ut frå målsetningane i forvaltningsplanen er det trong for å gjera noko aktivt for å stabilisera/reducera hjortestamma på Stord. Å setje ned minstearealet er eit grep som må vurderast.

Å redusera minstearealet kan medverka til at det vert vanskelegare å samla småvald til større valdeiningar, då små vald vil ordinært ha krav på fleire dyr. Det er ein prosess i Øvrebygda for å etablere ei større valdeining. SFLMK håper at den prosessen ikkje vil verta råka negativt om minstearealet vert endra. Større valdeiningar er i tråd med kommunen sitt ønske om valdstruktur for området, jf. Forvaltningsplan for Hjort på Stord og nasjonale hjorteforvaltning.

Med heimel § 6 i *Hjorteviltforskrifta* kan kommunen ved tildeling av fellingsløyve fråvike minstearealet med inntil 50%. Dispensasjonen kan gjerast for enkelte vald med bakgrunn i grunngeven søknad. Om minstearealet vert redusert til 750 da, må 50%-regelen nyttast på ein medviten måte, og ein kan ikkje vera så liberale med å dispensera heilt ned til 50% i alle tilfelle (375 da per dyr). Det ville gitt ei tildeling på 208 dyr berre i Fitjar kommune og totalt om lag 435 dyr på Stordøya. Det vil sei nesten ei fordobling av tildelte løyve på Stordøya. Det er grunn til å tru at det vil vera ei for sterk avskyting på sikt i forhold til hjortestamma på Stord.

Internt i Fitjar kommune og på Stordøya er det fleire område med lågare tettleik av hjort enn andre område heile eller delar av året. Beitetilhøve, skjul, topografi, høgde over havet, lokalklima og mange andre faktorar spel inn. Hjorten flyttar på seg og fleire stadar vert det større konsentrasjonar i visse periodar. På bakgrunn av dette er det viktig å tenka heilskapleg hjorteforvaltning. I forhold til dette er det viktig at hjortevalda ansvarsmedvitne, og sjølv vurderar om og i kva grad dei skal søkja om fråvik frå minstearealet.

Framlegg til vedtak:

Viltnemnda vedtek å starta opp prosessen med å redusera minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune til 750 da per dyr og som gjeld frå og med hjortejakta hausten 2009.

Nytt minsteareal for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune skal vurderast opp mot beitetilhøve, levekår, skadesituasjonen i landbruket, viltpåkjørsler og bestanden sin tettleik, storleik og samansetning.

Viltnemnda vedtek å senda ut på høyring, forskrift om endring av minsteareal til 750 da for tildeling av fellingsløyve på hjort i Fitjar kommune.

I møte:

Det vart diskutert om Johannes Koløen var inhabil i saka, då han er medlem i interimstyret som i september sendte ei oppmoding til Fitjar kommune v/viltnemnda om å setja ned minstearealet. Det vart konkludert med at det var Fitjar viltnemnd som kom med innstilling til å starta opp prosessen før brevet frå Øvrebygda storvald vart sendt til Fitjar kommune, og at viltnemnda ikkje handsama brevet frå interimstyret i Øvrebygda storvald. Johannes Koløen vart erklært habil til å handsama saka.

Vedtak (samrøystes):

Som framlegg